

NORDDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Onsdag, 23.05.2018 kl. 10.30 på Norddal rådhus**

#### SAKLISTE:

- Sak 06/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 29. januar 2018.
- « 07/18 - Årsmelding 2017 – Norddal kommune.
  - « 08/18 - Årsrekneskap 2017 – Norddal kommune.
  - « 09/18 - Eigarskapskontroll – ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap AS). Kunnskapsdeling med Norddal kommune.
  - « 10/18 - Oppfølging av sak 02/18 «Plan for forvaltningsrevisjon» – forslag på skisse til kontroll av byggesaksbehandling i Norddal kommune.
  - « 11/18 - Orienteringer ved rådmann
    1. fiskeplasser Valldøla
    2. praktisering av regelverk for tildeling av SMIL midler

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post : <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

## **Sak 06/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 29. januar 2018.**

### **KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 29. januar 2018

Møtestad: Rådhuset i Norddal kommune kl. 14.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Turid Aspehjel

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte Kurt Løvoll, Knut Inge Alnes og Svein Ove Otterlei.

Frå Norddal kommune møtte ordførar Arne Sandnes og rådmann Karl Andre Birkhol.

Møtet ble avslutta kl. 15.20

---

### **SAK 01/18**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 03. OKTOBER 2017**

##### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 03. oktober 2017 blir godkjent.

### **SAK 02/18**

#### **PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – OPPDATERING FOR NORDDAL KOMMUNE**

##### **innstilling:**

Sekretariatet tilrår kontrollutvalet å ta oppdateringa av Plan for forvaltningsrevisjon til orientering, og om ønskjeleg foreslå eit eller fleire område for vidare undersøkingar.

**Leiar Gudmund Relling fremma følgende alternative forslag:**

Kontrollutvalet tek oppdateringa av Plan for revisjon til orientering. Kontrollutvalet foreslår følgjande område for vidare undersøkingar; Byggesaksbehandling og Kontroll.

Kontrollutvalet ber om ei prosjektskisse innanfor nevnte område for avgrensing av problemstilling. Dette blir lagt fram på kontrollutvalets neste møte.

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Kontrollutvalet tek oppdateringa av Plan for revisjon til orientering. Kontrollutvalet foreslår følgjande område for vidare undersøkingar; byggesaksbehandling og kontroll. Kontrollutvalet ber om ei prosjektskisse innanfor nevnte område for avgrensing av problemstilling. Dette blir lagt fram på kontrollutvalets neste møte.

---

**SAK 03/18**

**Overordna revisjonsstrategi – vurdering av uavhengigheit og engasjementbrev**

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

---

**SAK 04/18**

**Oppfølging av sak 13/17, Tilsynsrapport**

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Alle avvik er lukka og oppfølgt i følgje opplysningar frå rådmann. Saka ansees avslutta frå kontrollutvalets side.

**SAK 05/18**

**Valdal fjernvarme – likviditet**

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

På bakgrunn av den informasjonen som er komen fram og nærare informasjon gitt i kontrollutvalet 29.01.2018, vil utvalet seinare ta stilling til eventuell vidare handsaming.

---

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad  
nestleiar  
(sign.)

Turid Aspehjel  
medlem  
(sign.)

## **Sak 07/18 - Årsmelding 2017 – Norddal kommune.**

Kontrollutvalet i  
Norddal kommune

Dato: 16.05.2018

### **ÅRSMELDING 2017 - NORDDAL KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2017 – Norddal kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Norddal kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 08/18 - Årsrekneskap 2017 – Norddal kommune.**

Kontrollutvalet i  
Norddal kommune

Dato: 16.05.2018

### **KOMMUNEREKNESKAPEN 2017 – NORDDAL KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2017 - Norddal kommune
2. Norddal kommune - kommunerekneskapen 2017

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

#### **uttale :**

Norddal kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til kommunestyret i Norddal

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Norddal kommune som viser kr 132 878 665,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 528 142,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Anna informasjon*

Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av rådmannens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

### **Uttale om andre lovmessige krav**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.



*Andre forhold*

Denne revisjonsmeldinga erstattar tidlegare avgitt melding datert 16.04. 2018 som vart avgitt ved utløpet av fristen som følgjer av forskrifta for å legge fram revisjonsmelding. Fullstendig årsrekneskap var på dette tidspunkt ikkje avgitt av rådmannen og årsmelding var ikkje utarbeidd.

Ålesund, 15. mai 2018



Knut G. Alnes

oppdragsansvarleg revisor

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen


Til kommunestyret i Norddal

### **MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR**

Rådmannen har ikkje lagt fram eit årsrekneskap og årsmelding for Norddal kommune for rekneskapsåret 2017 innan den frist som følgjer av forskrift om årsregnskap og årsberetning. Vi har difor ikkje vore i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innan fristen for å legge fram revisjonsmelding 15. april, jf. forskrift om revisjon § 5.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt tilbake når årsrekneskap og årsmelding er avgitt og vi har fått tid til å gjennomføre dei revisjonshandlingar vi finner nødvendige for å bekrefte årsrekneskapen.

Ålesund, 16. april 2018



Knut G. Alnes  
oppdragsansvarleg revisor

## **Sak 09/18 - Eigarskapskontroll – ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap AS). Kunnskapsdeling med Norddal kommune.**

### **Vedlegg:**

Eigarskapskontroll - Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS som pdf fil.

### **Bakgrunn**

Rapporten har bakgrunn i ein prosjektplan vedteke av kontrollutvalet i Ålesund kommune. Rapporten vart behandla av Ålesund bystyre 22. mars 2018.

Ein selskapskontroll er delt i to komponentar - eigarskapskontroll og forvaltingsrevisjon. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen og inneber vurderingar av eigarskapsutøvinga og forhold som vedkjem rapportering og informasjonsflydd frå eit eigarperspektiv. Forvaltingsrevisjon er ein frivillig del av ein selskapskontroll. Den kan omfatte vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og verknader ut frå vedtaket og føresetnadene til kommunestyret.

Det er levert to rapportar. Denne rapporten omhandlar eigarstyringa. Forvaltingsrevisjonsrapporten vil bli behandla seinare.

Rapporten er send på høyring til ÅRIM og rådmannen. Høyringssvar framgår av forord og vedlegg.

### **Rapporten**

Det foreligger no ein omfattande rapport som klargjer mange sider som kommunerevisjonen anser relevant i forhold til å gi ei vurdering av korleis Ålesund kommune forvaltar eigarskapen sin av ÅRIM

Det gjennomgåande temaet og fokuset for rapporten, er om eigarstyringa er god. God eigarstyring slik den er konkretisert i rapporten, melder at det inneber å føre kontroll med eigarinteressene sine. I dette ligg det at det er innført rutinar, altså etablert ein struktur som denne kontrollen blir utøvde gjennom og at den blir gjennomført. Denne strukturen kjem gjerne til uttrykk i eigarskapsmelding.

I tillegg til ei god eigarskapsmelding, inneber ei god eigarstyring at den blir utøvd i tråd med vedtaket til bystyret og føresetnader, aktuelle lovreglar og ikkje minst etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

I rapporten er det framstilt saker som er lagde fram for politisk behandling. Både vedtaka og deler av saksframstillinga gir føresetnadene.

Det er peikt på ei rekkje aktuelle lovreglar, som ein må tru at all god eigarar må meine er særleg viktige å overhalde.

KS sine tilrådingar for selskapsstyring er lagt til grunn som gode etablerte normer for eigarstyring.

Rapporten melder også at etablerte normer for god selskapsleiing melder at god kommunikasjon i alle ledd frå eigar, styrte, leiing og tilsette, er eit allment omtykt kjenneteikn på organisasjonar som har ei god styring mot å nå måla sine.

## **Om ÅRIM**

Rapporten gir fyrst ei oversikt over historikken til ÅRIM. Den melder føresetnadene til bystyret for å vere med i eit interkommunalt samarbeid med dei andre kommunane på Nordre Sunnmøre innan avfallsområdet.

Tenestene som ÅRIM leverer kan grovt delast inn i renovasjon, slam, miljøstasjon, mobil miljøstasjon, returpunkt, informasjon og haldningsskapande arbeid. Selskapet har ein stor oppgåveportefølje, og den framgår som vedlegg til rapporten.

ÅRIM er regulert av ei rekkje lover, reglar og føringar, og det er vurderinga til kommunerevisjonen at selskapet er veldrive og godt kjent med det regelverket som regulerer selskapet.

Kommunerevisjonen vurderer det også slik, at frå danninga av ÅRIM i 2009 og fram til i dag, så har selskapet i all hovudsak utvikla seg i tråd med intensjonane. Ei viktig årsak til opprettinga av selskapet, var at ein så for seg at framtida for avfallsbransjen ville bli krevjande, med ei stadig omstilling som ville krevje betre kompetanse. Dette blir peikt på at dette framleis gjeld.

ÅRIM har ein stor oppgåveportefølje, og er i ein bransje med ei stor teknologiutvikling og stadige vesentlege endringar i rammevilkåra av regulerande styresmakt. Kommunerevisjonen vurdering er at selskapet er tilpassingsdyktig i forhold til dette. Styret, dagleg leier og dei tilsette, er etter deira syn kunnskapsrike og utviklingsorienterte i forhold til oppgåvene dei skal løyse. Vidare at selskapet verkar godt organisert med ein profesjonell kommunikasjon med omverda.

## **Om eigarstyring**

Rapporten klargjer også eigarstyringa av ÅRIM med utgangspunkt i styringsorgana, styringsdokumenta og kommunikasjonen mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Når det gjeld kommunikasjonen, så er det skilt mellom styring- og samarbeidskommunikasjon, der ein i forhold til sistnemnde tenkjar på leverandør- og kunderollar som dei har ovanfor kvarandre. Det er også sett på kommunikasjonen som har vore i forhold til Tafjord Kraftvarme AS, som saman med ÅRIM og Bingsa Næring er sentrale innanfor avfallshandtering i Ålesundsregionen.

## **Styringsorgana**

Styrt til ÅRIM framstår etter vurderinga til kommunerevisjonen som profesjonelt og aktivt. Det blir peikt på at det er breitt samansett, og reflektere det politiske og administrative fokuset i forhold til samansetjinga av styre som blei trekt opp i den siste eigarskapsmelding til Ålesund kommune.

KS tilrår å setje av tid til kompetanseutvikling gjennom opplæring eller eigarskapsseminar for alle folkevalte i løpet av dei fyrste 6 månadene og etter 2 år, og at det jamleg blir gjennomført eigarmøte mellom representantar frå eigar, styrt og dagleg leier. Den generelle politikaropplæringa for ein ny valperiode blir ikkje vurdert som tilstrekkeleg for dei som har verv i eit representantskap. Det blir likevel peikt på at det er svært sentrale politikarar som forvaltar desse posisjonane i ÅRIM, så i forhold til eigarskapsutøvinga av ÅRIM kan det vere mindre relevant. Om ein derimot vurderer den samla portefølje av alt eigarskap i alle kommunane på Sunnmøre, bør ein kanskje vurdere å gi Sunnmøre Regionråd ei rolle i samanheng med opplæring av nye folkevalte i forhold til eigarstyringa.

I tillegg til opplæring, antyder også kommunerevisjonen at det bør gjerast eit framstøyt mot regionrådet med sikte på å avklare om dei kan hospitere interkommunale arenaer for å utarbeide eigarskapsmelding. Det kan vere med på å synliggjøre eventuelle ulike vurderingar om kva som bør vektleggjast i eigarskapsmelding, samt vere med på å skape eit grunnlag for ei felles forståing i

forhold til utviklinga til selskapa. I dette ligg også ei vurdering av korleis ein eventuelt bør formalisere og koordinere eigarmøte (ein uformell arena) mellom selskapa og dei av eigarane som er medlemmer i regionrådet.

Når det gjeld rolla til rådmannen i eigarstyringa, så presisare kommunerevisjonen at det etter synet deira er viktig at administrasjonen er involvert for å sikre god kontinuitet, men at det kanskje også bør gjerast somme tydelege avklaringar i forhold til dei ulike rollane.

### **Styringsdokumenta**

Kommunerevisjonen melder at Ålesund kommune har ei god og omfattande eigarskapsmelding. Den trekkjer opp generelle prinsipp, og gir ein oversikt over alle selskapa som kommunen har ein eierdel i. Det er mange selskap og det gir ei omfangsmessig avgrensing i forhold til at den aleine kanskje ikkje er tilstrekkeleg for å utøve eigarskap for dei større selskapa. Det som går fram om ÅRIM spesifikt, er ei forventning om at selskapet driv effektivt, og synleggjer stordriftsfordelar som held avgifta på dagens nivå. Vidare at selskapet skal vere ein pådrivar for å få fram solid kunnskap om gode miljøløysingar, og ha grundige prosessar når det gjeld endringar.

Representantskapet i ÅRIM la fram ein langsiktig strategiplan. Den einskilde eigarkommunen og allmenheten, blei i denne prosessen etter synet til kommunerevisjonen involvert på ein god måte i forhold til det å trekkje opp dei opp lange utviklingslinjene for avfallshandtering for Ålesundsregionen. Strategiprosessen med ein høyringsrunde gav etter vurderinga deira representantskapet eit breitt vedtaksgrunnlag. Det blir peikt på at representantskapet einstemmig valde ein strategi som i all hovudsak var samanfallande med vedtaket i bystyret.

Strategiplanen er etter synet til kommunerevisjonen eit godt eigna reiskap for selskapsstyring. Dei melder at eigarskapsmelding og strategiplanen utfyller kvarandre på ein god måte i forhold til ÅRIM. Ei eigarskapsmelding kan ikkje vere detaljert i forhold til kvart selskap. Det ville gitt eit omfattande dokument, og krevje ein heller kapasitet og kompetanse av dei som skal utarbeide den. Kommunerevisjonen anser også erfaringa med ÅRIM sin strategiprosess som så god, at det bør vurderast å stille krav til ein strategiplan i eigarskapsmelding for dei selskapa der kommunen har ein vesentleg eierdel. Det blir også peikt på at det er viktig at denne strategiplanen blir forankra i det organet som utøver eigarstyring for kommunen, altså kommunestyret.

**På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**Sak 10/18 - Oppfølging av sak 02/18 «Plan for forvaltningsrevisjon» – forslag på skisse til kontroll av byggesaksbehandling i Norddal kommune.**

Bakgrunn: vedtak frå møtet i kontrollutvalet 29. januar 2018.

***Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:***

*Kontrollutvalet tek oppdateringa av Plan for revisjon til orientering. Kontrollutvalet foreslår følgjande område for vidare undersøkingar; byggesaksbehandling og kontroll.*

*Kontrollutvalet ber om ei prosjektskisse innanfor nevnte område for avgrensing av problemstilling. Dette blir lagt fram på kontrollutvalets neste møte.*

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå Svein Ove Otterlei ved Kommunerevisjon 3. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Kontrollutvalet i Norddal kommune bør derfor vedta forslag til plan og starte opp arbeid med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

**Innstilling til vedtak:**

Kontrollutvalet igangsetjar arbeidde med ein forvaltningsrevisjon av byggjesaksbehandling og kontroll i Norddal kommune i henhold til vedlagte prosjektplan.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

9. mai 2018

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Gjennomgang av byggesaksbehandling og kontroll i Norddal kommune

#### PROSJEKTPLAN

I sak 02/18 den 29. januar 2018 under ei rullering av plan for forvaltningsrevisjon vart det gjennomført ei drøfting i kontrollutvalet om ulike område for vidare undersøkingar. Kontrollutvalet bad om en skisse til eit prosjekt innan byggesaksbehandling og kontroll.

Vi skal innleiingsvis framstille nokre sentrale tal om byggesaksbehandling. Desse talet er henta inn frå KOSTRA og vedkjem rapporteringsåret 2016.

#### *Gebyret for oppføring av einebustad*

| Norddal | Stranda | Ørskog | Skodje | Sandøy | Ålesund | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|---------|--------|--------|--------|---------|-----------------|--------|
| 13 920  | 14 590  | 9 600  | 11 200 | 8 538  | 18 750  | 11 669          | 12 605 |

Normalnivået for gebyret er om lag 12 000 kr, og Norddal kommune ligg litt over dette nivået og litt under Stranda. Ørskog og Sandøy ligg lågt, medan Ålesund ligg høgt på gebyret.

Norddal kommune rapporterte inn 35 byggesøknader i alt til KOSTRA for 2016 (54 saker er mellombels rapportert inn for 2017). Av dette var det 1 rammesøknad og 34 eit-trinns-søknadar. Når det gjeld sistnemnte fordelar dei seg med 3, 26 og 5 for respektivt 12 vekers frist, 3 vekers frist og utan ansvarsrett.

#### *Gjennomsnittleg tid for byggesaker med 12 vekers frist, kalenderdagar*

| Norddal | Stranda | Ørskog | Skodje | Sandøy | Ålesund | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|---------|--------|--------|--------|---------|-----------------|--------|
| 60      | 45      | 45     | 45     | 40     | 70      | 41              | 38     |

#### *Gjennomsnittleg tid for byggesaker med 3 vekers frist, kalenderdagar*

| Norddal | Stranda | Ørskog | Skodje | Sandøy | Ålesund | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|---------|--------|--------|--------|---------|-----------------|--------|
| 20      | 27      | 10     | 21     | 10     | 20      | 16              | 17     |

I saker der kommunen ikkje overheld 12 vekers fristen, skal kommunen betale tilbake gebyret. Når det gjeld saker med 3 vekers frist, er eit løyve å rekne som gitt om kommunen ikkje overheld denne fristen.

Det var rapportert inn at 2 saker ikkje var innanfor lovpålagt saksbehandlingstid.

#### *Prosentdel som ikkje er innanfor lovpålagt saksbehandlingstid*

| Norddal | Stranda | Ørskog | Skodje | Sandøy | Ålesund | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|---------|--------|--------|--------|---------|-----------------|--------|
| 6 %     | 32 %    | 0 %    | 0 %    | 0 %    | 8 %     | 8 %             | 6 %    |

## 1. PROBLEMSTILLINGER

Prosjektet vil ha følgjande problemstillingar:

### **Problemstilling 1: Tidsfristar**

*Har Norddal kommune system og rutinar som sikrar at kommunen er innanfor lovpålagt saksbehandlingstid?*

### **Problemstilling 2: Dispensasjonspraksis**

*Har Norddal kommune ein god dispensasjonspraksis?*

### **Problemstilling 3: Tilsyn**

*Har Norddal kommune ei tilsynsoppfølging?*

## 2. REVISJONSKRITERIER

Revisjonsforskrifta angir at det skal etablerast revisjonskriterier for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er dei krav eller normer som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Disse skal være grunnlagt i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon. Ein kan også leggje til grunn det ein må tru at det ikkje er usemje om.

Kommunelova legg ansvaret for at kommunen er gjenstand for ein trygg kontroll til rådmannen, jmf. § 23-2. Det inneberer at rådmannen må ha nedfelt eit sett med gode prinsipp som gjer at kommunestyret kan forvente at viktige mål blir nådd.

Eit av desse måla er å overhalde lover og regler.

Vi viser til COSO-rammeverket som ein etablert norm for styring og kontroll. I tillegg til dette, vil vi i all hovudsak ta utgangspunkt i plan og bygningslova med tilhøyrande regelverk.

### **Problemstilling 1: Tidsfristar**

*Har Norddal kommune system og rutinar som sikrar at kommunen er innanfor lovpålagt saksbehandlingstid?*

Norddal kommune har ei plikt til å følgje plan og bygningslova. Når det gjeld tidsfristar går reglane fram av § 21-7. Hovudregelen er at ein søknad om løyve skal avgjerast innan tolv veker etter at fullstendig søknad ligg føre, med mindre anna følger av andre eller tredje ledd. For søknad om rammeløyve gjeld ikkje andre og tredje ledd. Ved overskriding av fristen skal kommunen betale tilbake byggesaksgebyret etter nærmare reglar gitt i forskrift.

Andre ledd vedkjem § 20-3 (tiltak som krev ansvarleg føretak) og angir at:

*Søknad om tillatelse til tiltak som omfattes av § 20-3 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, der det ikke foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker. Dersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt.*



Tredje ledd vedkjem § 20-4 (tiltak som kan gjerast av tiltakshavar), og angir at:

*Søknad om tillatelse til tiltak som omfattes av § 20-4 der tiltaket er i samsvar med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, og ytterligere tillatelse, samtykke eller uttalelse fra annen myndighet ikke er nødvendig, skal avgjøres av kommunen innen 3 uker. Dersom kommunen ikke har avgjort søknaden innen fristens utløp, regnes tillatelse som gitt.*

Fjerde ledd angir at ein søknad om løyve til tiltak som krev dispensasjon frå plan eller planreglar, skal kommunen avgjere innan 12 veker. Den tida søknaden ligg til uttale hos regionale og statlege styresmakter, blir ikkje rekna inn i denne tidsfristen.

Sjette ledd angir at ein søknad om løyve til igangsetting skal kommunen behandle innan 3 veker. Er ikkje dette avgjort innan fristen, kan ein sette i gang tiltaket.

Sjuande ledd angir at kommunen skal gi ein ferdigattest innan 3 veker etter at kravet med nødvendig dokumentasjon er teke i mot. Er ikkje ferdigattest gitt innan fristen, kan ein ta i bruk byggverket.

Åttande ledd angir at ein søknad om endring av eit gitt løyve, som oppfyller vilkåra i andre eller tredje ledd, skal kommunen avgjere innan tre veker. Er ikkje søknaden avgjort innan dette, blir eit løyve å sjå på som gitt.

Kravet om at Norddal kommune skal vere under trygg kontroll, inneber at kommunen må ha gode system og rutinar som sikrar at tidsfristar blir overhalde.

## **Problemstilling 2: Dispensasjonspraksis**

### ***Har Norddal kommune ein god dispensasjonspraksis?***

Norddal kommune skal ha ein god dispensasjonspraksis. Dette er ikkje konkret gitt i lov, forskrift eller rettleiarar. Det er etter vårt syn liten usemje om at dette er eit generelt krav som gjeld.

Utfordringa ligg i å utdjupe kva ein god dispensasjonspraksis inneber. Vi har nedanfor lista opp 5 punkt som vi vil leggje til grunn i våre vurderingar.

#### ***1 - Gode føringar i kommuneplan sin arealdel***

Norddal kommune skal ha ein kommuneplan med ein arealdel. Etter vårt syn er det liten usemje om at det er tenleg at denne planen også legg rette for ei god dispensasjonsbehandling.

#### ***2 - Vektlegge frårådingar frå andre styresmakter***

Det går fram av pbl. § 19-2 at statlege og regionale rammer og mål skal vere tillagt ei særleg vekt ved ei dispensasjonsvurdering. Kommunen bør heller ikkje dispensere frå planer, lova sine reglar om planer samt 100-metersbeltet, når ein statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

#### ***3 - Forsvarlege saksutgreiingar herunder ei god kvalitetssikring***

Kommunelova 23-2 angir innleiingsvis at:

*Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, ...*

Det ligg i ei forsvarleg saksutgreiing at saker som ikkje er kurante blir gjenstand for ei viss kvalitetssikring.

#### *4 - God kommunikasjon mellom administrasjon og politisk utval*

Kommunelova 23-2 angir til slutt at:

*Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll*

Ein trygg kontroll inneber god kommunikasjon med politisk utval og andre interessentar. COSO- rammeverket er ein etablert norm, og angir at god kommunikasjon er eit kjenneteikn ved dei organisasjonar som har trygg kontroll.

#### *5 - Likebehandling*

Forvaltningsretten har nokre ulovfesta prinsipp. Eit av grunnprinsippa er forbodet mot usakleg forskjellsbehandling. I slike tilfelle er det ikkje nødvendigvis den einskilde avgjersle det hefter feil ved. Feilen oppstår når ein samanliknar avgjersla med ei anna avgjersle. Likebehandling krev at like tilfelle får lik behandling. Vidare at tilsynelatande like tilfelle er mogleg å etterprøve for andre ved at forvaltninga har gitt ei god grunngeving.

### **Problemstilling 3: Tilsyn**

#### ***Problemstilling 3: Har Norddal kommune ei tilsynsoppfølging?***

Norddal kommune er pålagt å føre tilsyn med at regelverket blir overhalde i kommunen og skal føre tilsyn i eit slikt omfang at ein kan avdekke regelbrot.

#### ***Om tilsyn***

Tilsyn er ei oppgåve som inngår som ein del av forvaltninga av byggesaksreglane. Skal plan- og bygningslova fungere etter intensjonen, må Norddal kommune føre tilsyn med etterlevinga av regelverket slik at byggverk oppnår ønska kvalitet.

Kommunen er pålagt å føre tilsyn etter pbl. § 25-1, første ledd. Regelen er utforma som ein generell norm og pålegg ikkje kommunen å undersøke alle byggesaker med sikte på å avdekke det som er ulovleg. Den gir heller ikkje grunnlag for erstatningskrav om kommunen ikkje oppdagar det som er ulovleg.

På nokre områder er tilsynsplikta konkretisert. Det er der kommunen allereie har gitt pålegg eller blir gjort merksam på noko som er ulovleg, og som går ut over det reint bagatellmessige.

#### ***Planlegging av tilsyn***

Kommunen skal som tilsynsorgan planlegge og organisere sitt tilsynsarbeid. Det er krav om å utarbeide årlege strategiar og mål for tilsynet, og gjere ei evaluering ved årets slutt. Dette går fram av HO-2/2012: *Temaveiledningen om tilsyn - Direktoratet for byggkvalitet*, der det også går fram følgjande:

*En tilsynsstrategi bør forankres i den politiske ledelsen. Tilsynsstrategien vil gi politisk ledelse forståelse for tilsynets rolle.*

*Dette vil kunne gi politiske føringer for valg av prioriteringsområder som vil styrke tilsynet. Videre vil en politisk forankring av tilsynsvirksomheten kunne bidra til at tilsynet får realistiske rammebetingelser.*

### *Kva kan det først tilsyn med*

Tilsynet er ikkje avgrensa til tiltak som blir byggesaksbehandla, men omfattar også tiltak unnateke frå byggesaksbehandling og tiltak som er sett i gang ulovleg. Det er likevel eit vilkår at tiltaket ligg innanfor tiltaksomgrepet slik det går fram av pbl. § 20-1. I rettleiaren går det også fram at:

*I kommuner med liten tilsynsvirksomhet bør det prioriteres tilsyn med tiltak hvor det foreligger mistanke om regelbrudd. Det følger av pbl. § 25-1, annet ledd, annet punktum at kommunen skal føre tilsyn der det er gitt pålegg og ved ulovligheter utover bagatellmessige forhold.*

En kan dele inn tilsynet i følgjande område:

1. Søknadspliktige tiltak med ansvarsrett: Søkarfunksjonen – Prosjektering – Utføring – Uavhengig kontroll
2. Tiltak som tiltakshavar kan gjere sjølv
3. Tiltak unnateke frå byggesaksbehandling
4. Byggetiltak som det ikkje er søkt på
5. Produktdokumentasjon
6. Styringssystem: Føretaket sitt styringssystem – Prosjektet sitt styringssystem

## **3. METODE OG GJENNOMFØRING**

Det å ha rutinar er nødvendig for å sikre at kommunen overheld eit regelverk, men det er ofte ikkje tilstrekkeleg å berre ha nedfelte rutinar. I tillegg til ei rutine, må ein også ha ei oppfølgingsprosedyre som sikrar at rutinen blir følgt. Ein del av prosjektet blir å identifisere denne formelle eller uformelle prosedyren.

Prosjektet vil bli gjennomført i samsvar med følgande framdriftsplan:

- Oppstartsmøte med rådmann
- Gjennomgang av rutinar og dokument som vedkjem byggesaker
- Intervju med sentrale personar innan byggesakbehandlinga
- Eventuelt gå gjennom nokre dispensasjonssaker
- Utarbeiding av rapport
- Sluttmøte med rådmann

Det er vår vurdering at dette skal gi eit tilstrekkeleg grunnlag for å gi svar på problemstillingane angitt ovanfor.

#### 4. TIDSPLAN

Prosjektet inneheld førebuingar, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data, utarbeiding av rapport og kvalitetssikring.

Ein tek sikte på eit oppstartsmøte med rådmannen i september 2018.

Eit høringsutkast til rapport er planlagt å ligge føre innan utgangen av januar 2019. Det er vanlegvis ein høringsperiode på tre veker etter dette.



Svein Ove Otterlei  
oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

## 11/18 - Orienteringer ved rådmann Karl Andre Birkhol

1. fiskeplasser Valldøla
2. praktisering av regelverk for tildeling av SMIL midler

For kontrollutvalet sine vurderingar og eventuelt vidare arbeid er det nødvendig å motta ei nærare orientering frå rådmann.

Saka vert etter dette lagd fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn  
Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat